

1. «Statens nu gjældende Love»

Det var planen om ei snarleg lovbok som var bakgrunnen for den setninga som avslutta § 94 i 1814-grunnlova: «Imidlertid blive Statens nu gjældende Love i Kraft, forsaavidt de ei stride imod denne Grundlov eller de provisoriske Anordninger, som imidlertid maatte udgives.» Men 28 år skulle gå før ei ny straffelov var på plass, i 1842, og på det sivilrettslege området skulle dei gamle lovene komme til å gjelde enda mykje lenger, eit lite knippe gjeld den dag i dag, for eksempel to lovbod om «Laan, Leje og betroed Gods».¹ Noko slikt ville ikkje grunnlovsfedrane ha kunna førestilt seg i sin villaste fantasi.

I denne uvanlege situasjonen gjorde særleg to problem seg gjeldande som begge hadde stor innverknad på rettsforholda også i trykkefridomssaker.

EIT UTRANGERT LOVVERK

Det første problemet var at ryggrada i «Statens nu gjældende Love» var *Kong Christian den Femtis Norske Lov* frå 1687, i det aller meste identisk med den tilsvarande *Danske Lov* frå 1683, ei lovbok som stamma frå «en raae Tidsalder»² da lovboda frå Det gamle testamentet, den såkalla guddommelege retten, rangerte høgt hos den juridiske ekspertisen. Som ein av den tidas lov-kunnige, Christen Ostensen Veile, uttrykte det: Guds lov var «den rette Grund oc Fundament paa alle Verdslige Lower».³

Dei religiøst utmålte straffene vart deretter: Etter Norske lov 6-1-7 (bok 6, kapittel 1, artikkel 7) skulle tunga skjerast ut av munnen på den som snakka blasfemisk, før hovudet skulle hoggast av og saman med tunga settast på ein stake; for andre brotsverk kunne ein finger eller ei hand bli kappav, alt etter kva for ein kroppsdel som hadde utført brotsverket; og den som fornærma kongen, «det ypperste og høyeste Hoved her paa Jorden over alle menneskelige Love, og der ingen anden

1 Lovdata, Norske lov 1687. Paragraf 94 vart oppheva av Stortinget først 13. mai 2014.

2 Birckner 1797: 42.

3 Sitert etter Bjørne 1995: 267.

Hoved eller Dommere kiender over sig, enten i Geistlige eller Verdslige Sager uden Gud allene»,⁴ kunne vente seg det aller verste:

Hvo som laster Kongen, eller Dronningen, til Beskæmmelse, eller deris og deris Børns Liv eftertragter, have forbrut Ære, Liv og Gods, den højre Haand af hennem levendis afhuggis, Kroppen parteris og læggis paa Stægle og Hiul, og Hovedet med Haanden sættis paa en Stage.⁵

Det var slik kong Christian 7.s livlege og minister Johann Friedrich Struensee enda livet på avrettingsstaden på Øster Fælled i København 28. april 1772 framfor ein skaka menneskeskare, den siste gongen straffemåten vart brukt. Trykkefridomsforordninga av 27. september 1799 oppheva denne straffa for trykte majestetsfor nærmingar sin del og føreskreiv i staden den meir humane straffa landsforvising.

Lovboka spegla ikkje lenger den rådande rettsoppfatninga; frå første halvdel av 1700-talet hadde så vel opplysningsideane som pietismen⁶ lagt avstand til lovene i Det gamle testamentet og endra synet på kva som var rettferdige straffer. Det var synet på sjølve historia som hadde gått gjennom ei grunnleggande endring: Hendingar i samfunnet sprang ikkje lovmessig ut frå ein Guds plan slik den var kunn gjort i andre kapittel i Daniels bok i Det gamle testamentet, men var tilfeldige og menneskestyrte.⁷ Straffelovene gjekk altså ikkje ut frå Gud likevel. Når domstolane så måtte følgje dei gamle lovboda og idømme drakoniske straffer, gav den einevelde kongen, som var øvste instans også i rettsvesenet, nåde og formilda straffa, etter råd frå kanselli og teologisk og juridisk ekspertise.⁸ Slik vart straffelovene likevel til å leve med. Men som den danske jusprofessoren Johan Frederik Wilhelm Schlegel skreiv i 1797, kunne ein ikkje anna enn ønske strafferetten forandra slik at den stemte med «vore Tidens Oplysning».⁹

For ikkje berre stamma straffene i Norske lov frå ei forgangen tid; heile lovverket var utrangert. Sidan 1730-åra hadde det vore gjort forsøk på å sette i gang ein omfattande revisjon av Danske og Norske lov, utan resultat,¹⁰ og lovene var prega av hol og manglar. Korleis skulle domstolane for eksempel opptre når ei opplagt kriminell handling ikkje var uttrykkeleg forboden i lovboka, noko som stadig førekom?

4 Norske lov 1-1-1.

5 Norske lov 6-4-1.

6 Jf. Nissen 1976: 20–21, Krogh 2000: 108–110.

7 Eriksen 2020: 121–125.

8 Krogh 2000: 114 ff.

9 Schlegel 1797: 467.

10 Ørsted 1804: 4–7.

I ein kommentar til Grunnlova som den norske juristen Henrik Steenbuch gav ut i 1815, forklarte han korleis dette problemet hadde vore løyst til da. Inga lovgiving, skreiv han, hadde enno greidd å ha lover som dekte absolutt alle forhold, og kom heller aldri til å greie det, for nye rettsforhold dukka stadig opp. Derfor hadde mange rettslærde slått fast at dommaren i tilfelle der lovene tagde, måtte ha lov til å avseie dommen etter «Fornuftens almindelige Lovgivning».¹¹

«Fornuftens almidelige Lovgivning», det var naturretten, ein gammal juridisk og filosofisk disiplin som henta det materielle grunnlaget sitt i antikkens romarrett.¹² Den fekk eit oppsving på 1600- og 1700-talet og stod sterkt nettopp fram til tida rundt 1814, da sedvaneretten og romantikkens tanke om ei nasjonal linje i rettssystemet hadde begynt å fortrenge den,¹³ driven fram av tyskaren Johann Gottfried Herders historisme: at sosiale og kulturelle forhold ikkje er universelle, men må forståast ut frå den lokale og historiske samanhengen dei står i.

Blant anna var menneskerettane – og derigjennom prinsippet om trykkefridom – utleidd av naturretten. Det forklarte Steenbuch slik i innleiinga til grunnlovskommentaren, i tråd med naturrettslæra til læremeisteren jusprofessor Schlegel: «Frihedens *Brug* som dens *Ævne* tilkommer af Naturen ethvert Menneske i lige Grad.» Men som ein uavgrensa rett ville den fort ende i anarki, og fridommen til eit individ var derfor naturleg avgrensa av alle dei andre sin fridom, og omvendt. Av dette følgde logisk den retten samfunnet hadde til å fastsette lover, forbod og straffer: Dersom kvar borgar skulle kunne bruke all den fridommen han hadde krav på, da måtte han «være beføiet til *Tvang* mod enhver Anden, som heri vil gjøre ham Hindring».¹⁴

Etter naturretten låg dette fornuftsprinsippet til grunn for all rettferdig lovgiving, og på liknande måtar var det utleidd eit heilt system av rettsprinsipp som gjaldt som rettskjelde ved sida av dei offisielle lovene¹⁵ og var pensum i det jusstudiet som frå 1736 vart obligatorisk for alle framtidige dommarar. Ikkje berre dommarane, men òg prokuratorane, dvs. sakførarane, skulle, skreiv generalprokurør Henrik Stampe i 1755, vere kunnige i så vel naturretten som den alminnelege borgarlege retten.¹⁶ Så sterkt stod denne tenkinga at mange rettslærde ifølgje Steenbuch meinte at sjølv konstitusjonelle manglar i ein stat burde kunne utfyllast med det «som Fornuften i Almindelighed foreskriver».¹⁷

11 Steenbuch 1815: 152.

12 Sunde 2005: 238.

13 Sst.: 285.

14 Steenbuch 1815: V–VI.

15 Björne 1995: 261 ff.

16 Næss 2008: 40.

17 Steenbuch 1815: 153.

Rettsgrunnlaget i slike dommar skulle dommaren finne i lovas ånd og grunnsetningar og om muleg *etter analogi av* – dvs. med forbilde i – lovreglar om andre liknande tilfelle i den positive retten,¹⁸ altså i det skrivne lovverket som gjaldt ved domstolane. Straff vart i slike tilfelle idømt etter analogi av eit eksisterande lovbod eller om nødvendig etter domstolens frie skjønn. Dette vart kalla *arbitrære*, skjønnsmessige, dommar.

Så kom § 96 i Grunnlova og sette bom for å dømme slik: «Ingen kan dømmes uden efter Lov, eller straffes uden efter Dom.» Dette er *nulla poena sine lege*-regelen, legalismen; inga straff utan lov. Ordlyden i paragrafen kan nok synast tvitydig: Også naturrettens lover? kunne vi spørje, med tanke på kor sterkt naturrettsprinsippa hadde stått i rettstenkinga til da. Nei, Steenbuch var klar: *Lov* måtte vere å forstå som den positive retten.¹⁹ Berre handlingar som var uttrykkeleg nemnte i dei gamle lovene eller i Grunnlova eller i «de provisoriske Anordninger, som imidlertid maatte udgives», var i Grunnlovas forstand *lovbestemte* og kunne straffast. Lovreglar frå naturretten skulle ikkje lenger kunne brukast i ein norsk rett.

Dette er det same prinsippet som Montesquieu formulerte i boka *Lovenes ånd* frå 1748, som hadde så stor innflytelse i samtida: Domstolen skal ikkje vere anna enn munnen som uttaler dei orda som faktisk står i lova.²⁰ Som jurist og seinare statsminister Frederik Stang formulerte det da han i si skilsettande lærebok i forfatningsrett i 1833 prøvde å gjere opp status etter tjue år med Grunnlova: Paragraf 96 førte «Dommermyndighedens Udøvelse i Henseende til criminelle Sager tilbage til stræng Lovmæssighed».²¹ Dommaren skulle ikkje opptre som dommar og lovgivar i ein og same person, som dei sa, og den domfelte ikkje vere prisgitt ein enkelt dommars luner og forstand.

Men så var § 96 laga for ein *framtidig* lovsituasjon: Den nye norske lovboka skulle vere så eksplisitt i alle forbod og straffer at grunnlovbodet skulle kunne følgjast. Inntil den kom, gjaldt *både* § 96 og det utrangerte lovverket. At dette måtte skape problem når lovboka lét vente på seg i tiår etter tiår, er lett å forstå. Frederik Stang hevda derfor i boka frå 1833 at § 96 ikkje kunne bli tatt i bruk før den nye lovboka var kommen på plass.²²

Dette var nok ei normativ lovtolking frå Stang tvert imot ein rådande praksis, for paragrafen var gjort gjeldande frå første stund. Steenbuch var tydeleg på dette,²³ og

18 Sst.: 152, Nissen 1967: 58.

19 Steenbuch 1815: 151.

20 Sunde 2005: 228.

21 Stang 1833: 540.

22 Sst.: 542.

23 Steenbuch 1815: 153.

Stortinget uttalte i 1824, da kong Karl Johan i eit grunnlovsforslag ønskte å innføre unntak frå paragrafen, at den hadde vesentleg innflytelse på «Borgersamfundets Vel og Retfærdighedens Haandhævelse» og ikkje burde settast til side utan av svært sterke grunnar.²⁴ I 1825 spelte den òg ei vesentleg rolle i den kjente saka mot høgsterettsadvokat Jonas Anton Hielm (saka blir behandla i del 3). Paragraf 96 vart sett på som ein viktig og verksam paragraf i det nye lovverket i landet.

At den alt frå starten vart brukt ved domstolane, har vi eit eksempel på i ei sak frå Orkdal i 1816 mot Maren Estensdotter Bæverdalshaug, som hadde gjømt unna eit 14 veker gammalt spontanabortert foster. Det kunne ikkje skaffast rettsleg bevis for at barnet hadde vore levande eller fullbore, slik Norske lov 6-6-7 og 8 implisitt føresette med forbodet mot fosterdrap og «Barnefødsel i Dølsmaal», og retten inn-såg derfor at desse lovboda ikkje passa på den handlinga Maren hadde utført. Likevel vart ho i ein ekstraretsdom av 23. september 1816 kjent straffskyldig og dømt til ei arbitrær straff på tre månader i tukthus.²⁵ I ein dom av 18. november same år frifann så Trondhjems Stiftsoverret henne, blant anna fordi ekstraretsdommen strei imot § 96, «i hvis Følge Ingen kan dømmes uden efter Lov».²⁶ Men på grunn av den mangelfulle forfatninga straffelovgivinga var i, landa Høgsterett etter kvart på same domspraksis som ekstrareten i Orkdal og såg seg i mange saker nøydd til å sette til side kravet i § 96 og felle heilt ut arbitrære dommar.²⁷

Dette var *ulovbestemte* arbitrære dommar; den pådømte handlinga var ikkje nemnt i lovene, men var opplagt straffverdig. Det hendte òg at domstolane felte *lovbestemte* arbitrære dommar: Lovforbodet fanst, men mangla ein strafferegel. Straff vart da idømt arbitrært etter analogi av eit beslekta lovbod *med* ein strafferegel.²⁸ På toppen av det heile – og ikkje minst – hadde dei alderdommelege straffereglane drive domstolane til bevisst å sjå bort frå enkelte straffer og i staden utmåle mildare straff etter andre lovparagrafar som samsvarte betre med «vore Tidens Oplysning», og felle *formildande arbitrære* dommar.²⁹ Også dette støytt frå 1814 av an mot § 96 og kravet der om å dømme «efter Lov». Som rettshistorikar Gunnar Brun Nissen skriv, fekk norske dommarar da paradoksalt nok ei enda van-

24 Stortingsforhandlingar 1824, mai: 437.

25 Orkdal tingbok 1816: 48b.

26 Overrettsdom abort 1816: 492b. Rettshistorikar Gunnar Brun Nissen skriv i *Trekk av norsk strafferettspleie i tidsrommet 1700–1842* feilaktig om denne saka at den gjaldt ein provosert abort; Nissen 1976: 29. Hadde det vore tilfellet, ville Maren ha vorte dømt på lovbestemt måte etter Norske lov 6-6-7 for fosterdrap.

27 Hallager 1915: 172.

28 Ørsted 1811: 184–189.

29 Nissen 1976: 25–27.

skelegare oppgåve enn dommarane under eineveldet med å handtere «lovbokens arkaiske straffebud med de absolutte straffer».³⁰

Om formildande arbitrære dommar verkeleg strei imot § 96 i Grunnlova, kunne nok vere eit tolkingsspørsmål, ettersom meininga med paragrafen var, slik Christian Magnus Falsen forklarte det, å styrke fridommen og tryggleiken til borgerane.³¹ Der behovet for det kjentest presserande, fortsette derfor også denne praksisen etter 1814. Barn mellom 10 og 15 år fekk såleis formildande dommar, og også personar med sterkt nedsette åndsevner.³²

Det rådde ingen tvil om at dei mange rå straffene i Norske lov strei imot Grunnlovas ånd og ikkje var til å leve med, og ein av dei fem medlemmene i lovkomiteen av 1814, generalauditør – dvs. generaladvokat – og representant på det første ordentlege stortinget i 1815–16 Christopher Anker Bergh, førte i pennen ei has-telov som vart vedtatt av Stortinget 25. oktober 1815 og oppheva dei straffene som vekte mest avsky.³³ I staden vart det innført fridomsstraffer på frå to år til livstid, festningsarbeid for menn og tukthus for kvinner, og dødsdømte skulle bli hals-hogne med øks og ikkje pinast før avrettinga, alt i hop i samsvar med tankane i tida.

Også etter denne lovendringa fanst det mange drakoniske straffer i dei lovene som skulle komme til å gjelde heilt fram til 1842. For eksempel finn vi i ei avis frå januar 1830 høgsterettsdommen over Peder Larsen og Anne Andersdatter, som hadde gjort seg skyldige i blodskam. Av sorenskrivaren i Bamble, kanselliråd og tidlegare regjeringsadvokat Bredo Henrik von Munthe af Morgenstjerne, hadde dei 7. september 1829 på gammaltestamentleg vis vorte dømte til døden, og dommen var stadfesta av Aggershuus Stiftsoverret 2. november. Det vart den også av Høgsterett 10. desember 1829.³⁴ Enda dystre kan den straffa høyrast ut som Marit Pedersdatter Løkken fekk for hemmeleg barnefødsel og barnemord: «at miste sin Hals, og hendes Hoved derefter at sættes paa en Stage».³⁵ Mange vart dømte som dei; dommarane hadde ikkje noko val, lovas bokstav skulle gjelde.

Alle visste likevel at slike straffer aldri kom til å bli eksekverte «med vore Tidens Oplysning». Paragraf 20 i Grunnlova gav også den konstitusjonelle kongen rett til å gi nåde, etter innstilling frå Høgsterett, og det gjekk ikkje lang tid før den dom-

30 Sst.: 29.

31 Falsen 1818: 160.

32 Nissen 1976: 29.

33 «Lov hvorved Lemlæstelsesstraffe, Brændemærke, Pinsler ved Dødsstraffe og Straffe af Boeslods [formues] Forbrydelse afskaffes, og andre Straffe i disses Sted fastsættes, m.v.»; Lovsamling 1814–16: 306.

34 Rigtidende nr. 2, 07.01.1830.

35 Sst. nr. 25, 26.03.1835.

felte rutinemessig fekk dommen omgjort til ei straff som svarte betre til rettsoppfatninga i tida. For Peder Larsen og Anne Andersdatters vedkommande var det straffearbeid høvesvis på festningen og i tukthuset på kongens nåde.³⁶ Der trong dei ikkje slite lenge. Høgsterettsdommarane hadde innstilt til kongen at dei to måtte bli benåda og få sleppe ut etter eitt til to år; trass i den strenge dommen såg dommarane mildt på brotsverket og kalla dødsstraffa upassande.³⁷ Den barnemorddømte Marit Pedersdatter Løkken kom for sin del på straffearbeid i tukthuset på livstid,³⁸ med god sjanse til å bli benåda etter ein del år. Også bøter, som kunne vere monstrøse etter lovas strenge bokstav, kunne kongen sette ned til summar som det var overkommeleg for den dømte å betale.

Mens domstolane måtte dømme strengt etter lova, reparerte Høgsterett dei verste skadane ved å innstille til nåde, og kongen fekk vist folket si store omsorg, i åra 1827–1831, dei første vi har tal frå, overfor ikkje mindre enn 1198 straffedømte.³⁹ Dette talet illustrerer kor stor avstanden var mellom straffene i lovboka og den rådande rettsoppfatninga. Etter § 20 i Grunnlova stod det elles den dømte fritt om han ville «modtage Kongens Naade, eller underkaste sig den ham tildømte Straf».

Trykkefridomsparagrafen i Grunnlova, § 100, skulle komme til å reise alle desse problemstillingane. Dessutan førte overgangen frå ei eineveldig samfunnsform til eit konstitusjonelt styresett i seg sjølv til at enkelte lovbestemte straffer på trykkefridomsområdet kunne verke urimelege, fordi brotsverket i og med systemskiftet hadde endra karakter. Det måtte vere eit mindre alvorleg brotsverk å fornærme ein konge som var vald av Stortinget, enn ein som var nest Gud i rang i universet.⁴⁰ Men straffene for udåden, som landsforvising, var utmålte etter den store målestokken, mens all rettferd tilsa at ingen skulle dømmast til straffer som ikkje stod i forhold til den handlinga dei hadde gjort seg skyldige i.

EIT UOVERSKODELEG KAOS

Det andre problemet som oppstod i denne uvanlege lovsituasjonen, var å avgjere nøyaktig kva som *var* dei lovene som skulle gjelde.

Dette problemet var ikkje nytt. Fordi lovene stamma frå ein «barbarisk og uculativeret Periode»,⁴¹ hadde det sidan 1687 vore gitt ein vrimmel av kongelege forord-

36 Sst. nr. 18, 04.03.1830.

37 Voteringsprotokoll dødsdom 1829: 8a.

38 Rigstidende nr. 46, 24.05.1835.

39 Departements-Tidende 1832: 214.

40 Stang 1833: 616.

41 Kriminallova 1842: III.

ningar og reskript som hadde endra eller utfylt dei eksisterande lovreglane. Forordningar var opne, allmenne lover, mens reskript var lukka instruksar retta til bestemte instansar om konkrete forhold, også dei med lovs kraft. Dei var samla i to bokverk som i 1814 hadde komme opp i fleire titals bind, men likevel ikkje var komplette. I mange saker kunne det rå stor forvirring om kva som gjaldt, ikkje minst fordi den eine lova ofte motsa den andre og begge to likevel gjaldt, som ein av dei seks juristane som hausten 1814 vart utnemnte til dommarar i den flunkande nye norske høgsteretten, Jørgen Mandix, hadde skrive i ein artikkel i tidskriftet *Ny Minerva* i 1806.⁴² Han gjekk så langt som å hevde at lovsituasjonen hadde hamna i eit uoverskodelig kaos.⁴³

Det nye problemet som meldte seg i 1814, var kva for nokre lover som skulle gjelde som *norske* i kraft av siste setning i § 94 i Grunnlova, «forsaavidt de ei stride imod denne Grundlov eller de provisoriske Anordninger, som imidlertid maatte udgives». Det var greitt når Stortinget vedtok ei ny lov som eksplisitt erstatta tidlegare lovreglar, som hastelova i 1815 mot dei mest avskyelege straffene i lovboka. Men det hørte ikkje til ein grunnlovsparagrafs natur å vere eksplisitt på den måten. Spørsmålet for trykkefridommens del var nemleg kva § 100 i Grunnlova hadde oppheva i trykkefridomsforordninga av 27. september 1799.

Det var ikkje slik at den nødvendigvis hadde oppheva enten heile forordninga eller ingenting av den, slik Matthias Conrad Peterson kan sjå ut til å ha meint, og slik spørsmålet av og til har vore stilt i faglitteraturen. Etter § 94 i Grunnlova kunne somme paragrafar vere oppheva, mens andre framleis gjaldt, og dersom ein paragraf inneheldt fleire ledd, kunne enkelte av dei vere oppheva utan at alle var det. Slik kunne det leddet i ein straffelovsparagraf som formulerte forbodet (norma, gjerningsbeskrivinga), vere heilt eller delvis oppheva, mens leddet som formulerte straffa (straffetrusselen), framleis kunne gjelde og bli idømt arbitrært av domstolane i beslektta tilfelle; eller omvendt, at forbodet gjaldt, mens straffemåten kunne vere oppheva ved lov eller sedvane.

For eksempel strei første setning i § 18 i trykkefridomsforordninga av 27. september 1799 openbart mot § 96 i Grunnlova, som sa at «Ingen kan dømmes uden efter Lov, eller straffes uden efter Dom»:

Dersom nogen er sat under Justitiens Tiltale, formedelst Misbrug af Trykkefriheden, maae ingen Bogtrykker antage et Skrift fra ham til Trykning, saalænge han staaer under offentlig Anklage, med mindre en bosiddende Borger giver sin skriftlige Erklæring, at ville indestaae for Skriftets Indhold.

42 Mandix 1806: 126.

43 Sst.: 137.

Ei trykkefridomssak kunne pågå i årevis, gjennom tre rettsinstansar, og den tiltalte skulle etter denne regelen vere underlagt sensur og nekta fritt å sette noko som helst på trykk nokon stad i landet inntil saka var endeleg avgjort og ein eventuell frifinnande dom var rettskraftig. Denne setninga i § 18 var grunnlovsstridig og dermed utan vidare formalitetar ugyldig frå 1814 av, fordi den gjorde ein del av straffa til ei direkte følge «af den blotte *Anklage* og *Tiltale*»⁴⁴ før nokon dom hadde avgjort om det fanst rettsleg grunnlag for anklagen og tiltalen.

Andre setning var så nært knytt til den første at også den måtte vere ugyldig: «I Mangel af saadan Borgen, skal Bogtrykkeren staae til Ansvar og dømmes, ligesom om han selv var Forfatter af Skriftet.»

Kva så med tredje og siste setning:

Naar Justits-Action anlægges imod nogen, for Misbrug af Trykken, skal samme derfor strax bekendtgjøres til Vedkommendes Efterretning, i alle indenrigske Aviser, fra den Øvrighed, som befaler Actionen.

Det var denne setninga påtalemakta påberopte seg i kunngjeringa av tiltalen mot «H. Chrystie af Moss» av 29. september 1814, ikkje som grunnlag for tiltalen, slik Matthias Conrad Peterson ser ut til å ha trudd,⁴⁵ men som heimel for at den vart offentleggjort i alle aviser i landet. Meininga med å offentleggjere tiltalen på denne måten hadde tidlegare vore å sikre at den tiltalte ikkje skulle greie å sette noko på trykk nokon stad. Måtte den ikkje så vere grunnlovsstridig? Da Danmarks ruvande jurist på 1800-talet Anders Sandøe Ørsted i 1844 utarbeidde eit forslag til ei ny trykkefridomsforordning der, var det innlysande for han at heile paragrafen måtte ryke dersom sensurpåbodet i første setning vart oppheva.⁴⁶ Men i Norge i 1814 sa somme ja, andre nei. Det var ikkje opplagt for alle kva for nokre lovbod Grunnlova hadde sett ut av kraft i § 18 i trykkefridomsforordninga frå 1799.

Ei rekke liknande spørsmål vart reiste ut frå § 100, ettersom den uttrykte seg i generelle vendingar som trong si tolking. Få i samtida tvilte på at § 100 drog opp andre grenser for trykkefridommen enn den «forhadte» 1799-forordninga. Men nøyaktig kva for nokre delar av den var sett ut av kraft? I rettsprosessane om trykkefridommen i åra etter 1814 kom det til å stå strid om dette spørsmålet, og også om dei andre spørsmåla som er nemnte ovanfor. Det var i rettssalen den slags stridsemne måtte avgjerast; og domstolane var frå 1814 uavhengige av kongen og

44 Stortingsforhandlingar 1824, juli: 1337.

45 Også delar av faglitteraturen har trudd det, f.eks. Østvedt 1945: 303.

46 Dansk forordningsforslag 1844: 250.

den utøvande statsmakta og både kunne og måtte dømme slik dei sjølve tolka lovene.

Matthias Conrad Peterson tok nok tida på pulsen der han i oktober 1814 skreiv vidare i avisinnlegget sitt:

I Frihedens Morgenrøde frydede vi os ved at vor Constitution havde løst os fra de unaturlige Lænker, som hint Edikt paalagde os, men paa engang ere vi så uheldige at erfare, at det forhadte, ved Constitutionen tilintetgjorte, Væsen har faaet nyt Liv, og at Dommeren altsaa skal dømme efter Smaaetyrannernes Yndlingsforordning, en Forordning der absolut har berøvet og – hvis den fremdeles skulde gjelde, – berøver os det Kostbare Klenodie som Grundloven har os tilstaaet.

En saadan Nationen fornærmende Adfærd opirrer naturligviis hver en oprigtig Patriot. Norges talentfulde Mænd ville vide at hævde Grundloven, og Stortinget vil vide at tage Nationens hellige Rettigheder i Beskyttelse, og vi tør saaledes vente, at kommende Smaaedespoter ikke ville søge i 27de Septembersforordning lovlig Føde for deres myndige Hevngjerrighed.⁴⁷

47 Adressa nr. 83, 18.10.1814.